

From: "Bjørnar Christensen" <bjornar.christensen@tokke.kommune.no>
Sent: Thu, 11 Jan 2024 11:52:29 +0100
To: "Jan Christian Kielland" <jk856@kirken.no>
Subject: Høringssvar tilskotsforvaltning frå Tokke kyrkjelege fellesråd

Vedtak i fellesrådet sak 64/23

1. Særskilte midlar knytt til vigsla stillingar (diakon, kantor, kateket) bør vidareførast som stillingsmodell.

Grunngjeving:

- I stillingar innanfor desse stillingskategoriane i eit fellesrådsområde med store interne avstandar, eller t.d. at eit fellesråd er vertsfellesråd for sokn i eige og andre fellesrådsområde, bør tilskotet og innehalde midlar til driftskostnadar knytt til stillinga, då det er betydelege meirkostnadar knytt til reisekostnader i distrikta, enn i sentrale strøk.
- Tilskot som berre dekker delar av løn og sosiale utgifter gjer at små sokn og fellesråd strevar med å finne finansiering knytt til aktiviteten stillinga medfører. Ein viss dekning av driftskostnadar bør inn i tilskotsordninga – slik at aktivitet i slike stillingar kan oppretthaldast.

2. Særskilte midlar knytt til trusopplæring bør vidareførast som aktivitetsmodell.

Grunngjeving:

Det er sokna som rår over desse midlane og det er difor soknet ved soknerådet som bør kunne bestemme korleis desse midlane best vert nytta. I små sokn med store avstandar og låge dåpstal er det ikkje mogleg å tilsette fast kompetent personell i små brøkstillingar. Stillingsmodellen er difor ikkje ein berekraftig modell for bruk av midlar til faste stillingar knytt til trusopplæring i distrikta.

Med venleg helsing

Bjørnar K. Christensen

Kyrkjeverje

Tokke kyrkjelege fellesråd

+47 35 07 52 33 / +47 908 77 188

www.kyrkja.tokke.no



DEN NORSKE KYRKJA

Meir himmel på jorda | www.kyrkja.no